


SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Start med å sjå filmen Familie og følelser - YouTube eller bruk lenka som ligg under filmen for å sjå den utan musikk.
	Det finnst veldig mange ulike familiar, er det noko som er likt for alle?
	Familien si viktigaste oppgåve er å ta vare på kvarandre, vere glade i kvarandre og passe på at barna er trygge. Er det slik for barna på bilda? Kva kan gjerast for at dei skal få det bra? (Få fram at det er viktig at barn fortel korleis dei har det og at familien kan få hjelp til å få det bra).
Familie før og no	Sjå gjerne Episode 2 kapittel 2 «Veteranhusmødrene», stopp når dei går vidare til å sy forkle: Alt var bedre før – 2. Da husmoren styrte hjemmet (Sesong 2) – NRK TV
	Før var det altså stor forskjell på mann og dame i ein familie. Familien var mora sin jobb, medan faren skaffa inntekt. Mora sine oppgaver i familien var blant anna: • Innkjøp av mat • lage mat • vaske opp (for hand) • vaske klede (for hand) • kjøpe/sy/reparere klede • passe/hjelpe/oppdra barn • vaske hus
	Bruk vedlegget Oppgaver til fordeling. La elevane jobbe saman i små grupper og sette strek mellom oppgåvene og dei i familien på bildet dei tenker det er rett at gjer denne oppgåva. Gå rundt og sjå litt og snakk saman etterpå. Kva er rettferdig? Kva er vanleg? Burde barn gjere meir heime? Kven gjer mest?
	Sjå denne filmen som er på engelsk: Robot Songs: What is a family? - YouTube
	Vi jobbar med familietre! Start gjerne med å sjå denne: Vocabulary about FAMILY for children - Family tree for kids - YouTube Denne filmen kan brukast både til å lære engelske ord for familiemedlemmar, men de kan også gjerne bruke den som utgangspunkt for å teikne familietre! Under her kjem nokre eksempel på familietre. Å teikne slik er lett for nokre, og supervrient for andre – fordi familiane er så ulike. Kanskje er dette ei oppgåve dei kan gjere heime?

	Eit enkelt oppsett på ein klassisk kjernefamilie med 3 barn, der alle lever og framleis er gift.
	Ein utvida variant den same klassiske kjernefamilien, men her med oldeforeldre som framleis er i live, samt onklar/tante og søskenbarn.
	Dette er også vanleg, men vanskelegare å teikne. Mamma og pappa er skilt, begge har ny partner, med felles barn og kvar sine barn frå tidlegare forhold. Kartet kan utvidast i massevis med fleire besteforeldre, tanter/onklar, søskenbarn, steforeldre sin andre foreldre og så vidare.
	Ein regnbogefamilie med to mødrer og kjent donor som også har barn med andre mødre. Barna kan vite om kvarandre og er halvsøsken, utan å ha møtt pappaen. (Her har det skjedd ei regelendring etterpå som gjer at ein ikkje lenger kan identifisere donorsøsken, men mange av barna som går på skole no kan det.)
	Del ut ark og la elevane få forsøke å teikne sine egne familietre. Teikn det eventuelt som eit faktisk tre med stammer og greiner.
Litt Frosketid? 	Gjer ei lita frosketidøving Puste i dyrestillinger - YouTube
Jobbe vidare?	Familie før og no – Jobb med kompetansemål i K&H: «eleven skal kunne undersøke hvordan kjønnsroller vises i kulturelle uttrykk før og nå, og lage visuelle uttrykk som utfordrer stereotypier»